



Flinke born var med og samla mykje boss.

Onsdag var det klart for den årvisse vårdugnaden i Korsnes. Til saman 15-20 stilte for å gjera Korsnesfeltet ryddig og presentabelt til møta våren og sommaren. Dugnadsgjengen rydda saman betydelege mengder boss som no er samla i grønne sekker klar til levering på SIM.

Etter dugnaden var det samling rundt bordet ved leikeplassen der det var brus og kjeks til borna, medan dei vaksne naturleg nok fekk dugnadskaffi. Praten gjekk godt og leiar i Korsnes Vel, Tor Edward Taeanger, informerte om at det i nær framtid skal gjerast noko nødvendig reparasjonsarbeid på ballbingen. I tillegg skal 'paviljongen' i stranda verta ferdig til badesesongen.

Framover vil Korsnes Vel ha sterkt fokus på trafikksikring. Dette er både viktig og nødvendig etter den gledelege byggjeaktiviteten på oppsida av vegen.

Tor Edward nemner 3 viktige tiltak som dei ønskjer å prioritera. Det er å forlenga gang- og sykkelvegen til toppen på Syne, nye gatelys på same strekningen, og undergang mellom Korsnes og Ospelunden. Han seier at dei skal gjera det dei kan for at desse sakene skal koma på sakskartet.



Flinke dugnadsfolk kosar seg etter god innsats



Leiar i Korsnes Vel, Tor E. Taranger, saman med dei trufaste dugnadsdeltakarane Kjersti og Svein Ove Bråtun
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.